

EIT SKARPT LYS på kveldshimmelen, noe som først fikk meg til å tenke at eit glasskar hadde kilt seg fast der oppe, vi sto ute på verandaen og det dufta nesten svimlande av syrin frå buskane som strakte seg inn over gelenderet, ho som hadde ropt oss ut heldt ein sigarett mellom fingrane som ho peikte mot himmelen med, kva trur de det kan vere, gloa frå sigaretten nærma seg lyset på himmelen, for sterkt til å vere ei stjerne, for urørleg til å vere eit fly, men likevel fanst det heilt sikkert ei naturleg forklaring som vi ikkje greidde å komme fram til der og da, eit eller anna som eg kjente at eg heller ikkje _ønskte_ å komme fram til, eg løfta glaset og lét to punsjblaute melonbitar gli langsamt inn i munnen, eg sluttar aldri å håpe, tenkte eg mens eg stira på lyset og prøvde å sjå for meg korleis byen ville sett ut der oppe frå, lyktene som lyser opp vegar, garasjeportar, togskjener, mens vi ligg inne i mørket og søv, usynlege.